

Fråsegn om «Utredning om litteratur- og språkpolitiske verkemidler»

Oslo Economics, Simonsen Advokatfirma og Oeconomica har laga ei utgreiing for Kulturdepartementet med ovanfor nemnde tittel. Tittelen er på fleire måtar misvisande, sidan utgreiinga for det aller meste er ein økonomisk analyse av litteraturbransjen, med det for auge å vurdere dagens verkemidlar for å oppnå kvalitet, breidd og variasjon i norsk skjønn- og faglitteratur.

Utgreiinga er summarisk og overflatisk, spesielt når det gjeld gjennomgangen av bokbransjen og dagens verkemidlar. I vurderinga av «måloppnåelse» (kap. 4) nyttar ein kvantitative data som indikator på kvalitet, og mangelen på forklaringar i dette kapittelet gir det heile eit preg av syensing. Kultur- og språkpolitiske omsyn er ikkje primært gjenstand for diskusjon og forsvinn heilt i dei økonomiske vurderingane. Det er ein stor veikskap ved utgreiinga at aktørane innan bokbransjen ikkje kjem til orde anna enn som intervjuobjekt, og det ser heller ikkje ut til at utgreiarane har forstått kva desse aktørane står for i den kulturpolitiske røyndommen. I det heile er utgreiinga alt for mykje basert på at ein tek samfunnsøkonomiske effektivitetskriterium som utgangspunkt for ein bransje som har eit viktig ansvar for å ta vare på og utbreia norsk kultur innan skjønn- og faglitteratur. Ein alt for enkel marknadsideologi ligg til grunn når det blir teke til orde for individuelle, differensierte kontraktar som erstatning for dagens standardkontraktar.

Nettbokhandel som distributør både av nasjonal og internasjonal litteratur, er lite diskutert, noko som er eit sagn ut frå at dei i framtida kjem til å bli stadig viktigare. Digitale bøker / e-bøker er heller ikkje diskutert i særleg grad. Ein peiker berre på at det er ei konkurranseutfordring at det er momsfrital på papirbøker, men ikkje på digitale utgjevingar. Den digitale boka er i vekst i nabolanda våre, men ikkje i særleg grad i Noreg, noko som skuldast ulike faktorar: Ein av desse er pris (salssystemet er ein annan). Resultatet er at digitale lesarar kjøper lite norsk, fordi det er dyrt og dårleg tilgjengeleg.


Rapporten spør gjennomgåande etter det lovpålagde ansvaret for utvikling og vedlikehald av norsk fagspråk. Dette finst og blir i stor grad vidareformidla i lærebøker, men desse er i utgreiinga ikkje definerte som faglitteratur, og innkjøpsordninga for faglitteratur

gjeld såleis ikkje for desse bøkene. Alternativet til norske lærebøker er ofte (billegare) engelskspråklege lærebøker som ein lett kan kjøpa via store internasjonale nettbokhandlar som Amazon. Sidan lærebøker for profesjonsutdanning og høgre utdanning ikkje blir dekkja av ei generell innkjøpsordning til folkebiblioteka, bør ein stimulera til større produksjon av lærebøker gjennom andre støtteordningar, mellom anna slik at støtteordninga for lærebøker i høgre utdanning blir auka frå dagens 4,8 millionar (beløpet for 2012), i tillegg til andre insentivordningar for lærebokforfattarar.

Det mest overraskande når ein les utgreiinga, er konklusjonane. I gjennomgangen av dagens ordning, er ein i utgreiinga stort sett positiv til ordninga med fast pris. Likevel tilrår ein i konklusjonane å løysa opp denne ordninga. I staden for at forlaga skal ha ei plikt til å setja fast pris på bøkene, skal ein ifølgje utgreiinga ha ein rett til å gjera det. Dette er mykje på same vis som i Danmark. Problemet er at ein med eit slik marknadsbasert system har dårlegare «måloppnåelse» i Danmark enn i Noreg. Logiske bristar som dette er ikkje uvanlege i rapporten.

Av dei alternativa som blir tekne opp i utgreiinga, går vi inn for ei boklov med fastpris. Ei slik lov vil vera i samsvar med utviklinga i andre europeiske land som har innført dette i dei seinaste åra. Ei boklov som respekterer prinsippet om fastpris vil vera gunstig for å verna om norskspråkleg skjønn- og faglitteratur. Ho vil samstundes verna om forfattarane sine rettar når det gjeld inntekter. Får vi ei boklov, vil forlaga kunna halda fram med å gje ut både smal og kommersiell litteratur. Lesaren vil såleis kunna velja ut frå eit mangfald av bøker og ikkje plent ut frå forlaga sine salsstrategiar med vekt på bestseljarar.

Bergen, 27.02.12


Johannes Nymark
førsteamanuensis


Klara Sjo
universitetslektor